



Årdal kommune
Årdal eldreråd

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 03.11.2020

Møtetid:

Kl. 13.00 - 15.00

Møtestad: Vikadalen

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte
Ida Thune
Odd Øvregard
Oddgeir Øren
Odveig Borlaug
Steinar Drægni

Møteleiar:	Steinar Drægni
Frå adm. møtte:	Hilmar Høl, Mette Hestetun Berg og Lene Risløw
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Merknader:

Underskrifter:

Ida Thune

Odveig Borlaug

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
016/20	Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll
017/20	Orientering Aktivitør
018/20	Orientering frå Tildelingskontoret
019/20	Ringbuss
020/20	Arrangement på institusjonane
021/20	Eldresentera
022/20	Mobilkurs
023/20	Influensavaksinering
024/20	Økonomi
025/20	Ymse

016/20: Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Innkallinga er godkjent. Signerer protokollen Odveig og Ida

ÅER- 016/20 Vedtak:

Innkallinga og sakslista er godkjent.

Protokollen signerast av Ida Thune og Odveig Borlaud

017/20: Orientering Aktivitør

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Dagane startar som oftast med høgslesing av avis.

Trim har dei fokus på, både inne og ute.

El-sykkelen i Seimsdalen er litt tung i oppoverbakkane.

Koordineringsevna vert testa.

Sitjedans engasjerar mangen.

Baking er meir enn det fysiske, der er lukt og lydar som dei kan reagere på.

Bålpanna engasjerar.

Musikk hjelpe mykje på humøret til dei eldre.

Bingo er det kjekkaste som fins :)

Bilete stimulerar til historiar om "gamle dagar".

WiFi er etterlyst på sjukeheimane, dette driv administrasjonen å ser på (tilbod er innhenta).

Motiview har vore vurdert.

Aktivitør har vore i kontakt med friviljuge lag og organisasjonar for å få bidrag, dette er blitt litt redusert pga Korona.

Koronaen har sete ein liten dempar for nokon av dei populære aktivitetane der dei deltok sjølv.

ÅER- 017/20 Vedtak:

Informasjon er teke til viten.

018/20: Orientering frå Tildelingskontoret

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Elin gjev ei innføring i kva oppgåvene til tildelingskontoret.

Dei skal sjå til at alle som søker tenester i kommunens regi og alle skal sjåast med same auge (lik handsaming). Ein veg inn. Samtalar med alle og med deltaking frå tenestene.

Søknadsskjema finn ein på nett, den går til Tildelingskontoret.

Driv prosjektet "kvardagsrehabilitering" - Anne Sofie Sørhage. Dette for å gjere eldre tryggare på å kunne bu heime lengst mogleg. Nytast ein del for å få eldre frå Korttidsavdelinga og heim att i eigen bustad.

Brukargruppa er vaksande, og det er utfordrande.

Tilretteleggingskonsultasjonar.

Frank Øyre er altmogleg mann for hjelpemiddel/velferdsteknologi.

ÅER- 018/20 Vedtak:

Informasjon teke til viten

019/20: Ringbuss

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Steinar har hatt ein god prat med tidlegare sjåfør for Ringbussen i Årdal.

Steinar har fått innkalling til eit møte i **10. nov** frå ordføraren for å komma med innspel til å forbetra Ringbuss tilbodet for kommunens eldre. Odd ynskjer situasjonen kunne vore kartlagt, behovet er jo sikkert anleis idag enn før.

Behovet er stort blandt unge og, fotball-miljøet er større i Øvre, medan handball er større på Tangen. I tillegg kjem dei eldre.

Kommunen treng eit betre tilbod for folk å komma seg mellom bygdene. Shuttlebuss? er det eit alternativ for kommunen? eit kontinuerleg busstilbod.

ÅER- 019/20 Vedtak:

Saka er teke til viten.

020/20: Arrangement på institusjonane

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Ynksje om å gjere dette eit par vende til før jul.

Spørja om Jacob er interessert i ein ny runde på institusjonane før jul?
Freek, Oddgeir og Elizabeth kan prøva å få til eit opplegg.

ÅER- 020/20 Vedtak:

Saka er teke til viten

021/20: Eldresentera

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Eldresenteret i Øvre Årdal

Odd kan informera at det går veldig greitt på Eldresenteret i Øvre. Starta opp att i august (2 dagar) og i sept starta dei for fullt (3 dagar). Bingo og Åresal er førebels ikkje starta opp att. Turnusfysio kjem og tek trim med dei eldre, dei har ei grense på 20 stk, 1 meter-regelen er det som gjelde. I Øvre held reinhald dei med desinfiserande.

Der er eit ynskje om å nytta kommunen sin del av den gamle kafeen. Det er avtalt med Frank Runar Øren om at det går greitt å åpna døra dersom eldresenteret byrjar å nå full koronakapasitet.

Eldresenteret i Årdalstangen

Dagny Arnesen er leiar på eldresenteret der. Trim med trunusfysio kvar måndag. På Tangen er der bingo. Men Tangen får ikkje desinfiserande av reinhald.

ÅER- 021/20 Vedtak:

Informasjon teke til viten

022/20: Mobilkurs

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Er der interesse for å få istand eit kurs i bruk av mobil/smartphone? Nettbrett?

Har frivilligkeitssentralen moglegheit til å få til noko?

Kunne dette vore eit fast tilbod på eldresentera på ein bestemt dag i mnd?

Steinar skal kontakta Eldresentera og utfordra dei på å kanskje få til noko.

ÅER- 022/20 Vedtak:

Saka er teken til viten.

023/20: Influensavaksinering

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Steinar skryt av influensavaksineringen iår, det var fantastisk organisert.

Mette kan fortelja at der er ikkje fins fleire influensadosar, men der er dosar på apoteket for 400 kr. Der kjem ikkje til å komma meir i overskueleg framtid heller.

ÅER- 023/20 Vedtak:

Saka er teke til viten.

024/20: Økonomi

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Den kulturelle spaserstokken er ferdig behandla, Årdal Eldreråd har fått innvilga 63 751 frå fylkeskommunen.

Budsjettet for 2020 er vekk. Spaserstokken gjenstår 94000, det som ikkje er brukt ved årskifte må søkjast om å overføra til 2021.

Steinar ynskjer å ha eit møte med økonomisansvarleg for å få pengar overført.

ÅER- 024/20 Vedtak:

Informasjonen er teke til viten.

03.11.2020 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Planstrategi:

spm ang korleis jobba få folk til å flytta til kommunen og jobba, kan ein kreva bustadadresse der ein jobbar? Er noko slikt lurt?

Dersom Årdal kommune skal ha folk til å flytta til kommunen må me kunne gje jobb til begge partar i eit forhold.

Årdal jobbar og hardt for å få inn statlege arbeidsplassar. Kommunedirektøren er veldig på for å få fleire arbeidsplassar til Årdal og gjere kommunen attraktiv å bu i.

Åpne eldreråd møter:

Jmf kommuneloven skal møta i eldrerådet. Er det mogleg å streama møte i Kommunestyresalen? Eldresentera vekselvist?

Tidlegare praksis har ikkje desse møte vore annonsert eller opne, pga koronasituasjonen held Eldrerådet fram med dagens praksis ut året. Tek saka opp at på nyåret.

Parkeringsregime i Årdal kommune (felles):

Der er mange stadar i kommunen er dagens parkeringspraksis ikkje tillett beredskapen å komma fram. Ordføraren ber eldrerådet om å ta dette som eit innspel til arealdelen og samfunnssdelen av kommuneplanen, utfordra Bjørn Indrebø og Svein Ove Åmås på å få dette inn i planarbeid. Lene sende mail til Bjørn og Svein Ove.

Tilkomst og evakuering i kyrkjene:

I samarbeid med Kommunalt råd. Tilkomst i front av kyrkja på Årdalstangen er det steintrappa ein stor fartsdump. Oddgeir lurar på om Eldrerådet kan komma med eit innspel til rette vedkommande.

Mette kontaktar kyrkja for å spørja kva som skjer i kyrkje med tanke på max grensa kyrkja setje på bl.a begravelsar.

Oddgeir ynskje å nyttar Eldrerådet for å opprette veteran kor og korps

Opplæring av rådet:

Steinar har laga eit kurs som han kan ta med kurset og kan invitere andre eldreråd om det er ynskjeleg.

Eventuelt kan ein kanskje delta i kurs som Sogndal kommune køyre.

ÅER- 025/20 Vedtak:

Ymse er teke til viten.